

Prestegarden i

– til nytte, glede og opplysning

Dagfinn Hovland kunne ikkje sjå for seg at prestegarden heime i Luster skulle stå tom etter at presten flytta ut. Frå den andre kanten av landet, frå Oslo der han budde, sende han eit brev til ordføraren. Der fortalte han om kva opplevingar huset kunne fyllast med. Sidan fekk Opplysningsvesenets fond som eigar ein engasjert søknad frå ein lustring med gründer tankar.



Sigrunn Berdal
Kommunikasjonsrådgiver
og kulturhistoriker
i Opplysningsvesenets fond.

sigrunn.berdal@ovf.no



Foto: Gunhild Sofie Vangsnes

Ein møteplass

Fram til Dagfinn lufta sitt ynskje om å leige prestegarden for kulturelle føremål, hadde romma i prestegarden vore prega av ein lang kontinuitet av prestar. Huset hadde alle dei trekka som var typisk for presten som embetsmann. Her var det tre stover på rekkje og rad, eigen inngang til kjøken for tenestefolk, bispekontor og prestekontor med safe. Den epoken var for lengst over då Dagfinn trødde over terskelen. Då stod prestebustaden tom. Presten hadde flytta ut da buplikta blei oppheva.

Dagfinn fekk ja til å leige og 18. august 2018 var det offisiell opning



Sognefjorden



Prestegarden ligg i eit majestetisk og målerisk landskap ved Lustrafjorden, inst i Sognefjorden. Seks små meter skil bygningen frå Dale kyrkje. Dei har felles historie og djupe røter, sidan kjellaren på prestegarden er jamngamal med middelalderkyrkja som skal vera frå 1250. Og dei vil spele på same lag. Arrangement og konsertar løfter opp kulturarven og bringer folk saman, enten det er i kyrkja eller i prestegarden.

Foto: Opplysningsvesenets fond



Opplysningsvesenets fond pussa opp og restaurerte prestebustaden mellom 2016-2018. I 2016 vart overflater i den gamle bispesalen rehabilitert og måla. Målarmeister Kjell Arne Aarseth dokumenterte tapet og måling. Året etter blei gang og bad fornya, i tillegg til to stover, fortel Jan Stedje som er prestegardsinspektør for Ovfv.

av prestebustaden, med mange gjestar og god traktering. Datoen varsla ei ny tid med eit nytt innhald og ein ny profil. Dagfinn seier engasjert at huset skal vera eit hus til glede, nytte og opplysning for lustringar så vel som for tilreisande. Det betyr i praksis stor aktivitet og mangfald på den gamle kyrkjeplassen.

Eit kulturelt mangfold

Både private og offentlege høgdepunkt har det vore gjennom det fyrste året med drift. Seinast i sommar kunne ein møte nasjonalromantikken i stovene. Flotte verk vart sett i samanheng med Marianne Heske og Tiril Schröder sine meir moderne uttrykk. Både Norsk kultursenter på Koppang og Galleri Bygdøy var aktivt med i samarbeidet rundt denne markeringa av Johannes Flintoe si fyrste reise til Luster i 1819, noko som danna innleiinga til nasjonalromantikken.

-Det er liv laga for anna bruk av prestebustaden i Luster, og folk i bygda er glade for å sjå lys i vindauga og aktivitet i tunet, seier Dagfinn. ☺



Bustaden blir nytta til selskap, møter, konsertar og føredrag, i tillegg til overnatting for artistar og gjester.- Folk som kjem til Luster blir overraska over inventaret, fortel Dagfinn og seier at dei fyrste vekene gjekk med til å finne passande historiske møblar på auksjonar, bruktmarked og loppemarked. I tillegg har familie og venner bidrege. Huset er no eit velfungerande og lunt lokale som passar til både små og store anledningar. Det er selskap her for 6 til 100 personar, og stovene framstår i gamal prakt. I tillegg er det fint å kunne opne opp huset for lokale og tilreisande, og bruke det som eit kulturelt samlingspunkt, slik prestegardane har fungert opp gjennom åra.

Foto: Ovfv og Dagfinn Hovland